

FAU  
Kløyvheim Skule  
Mykingvegen 640  
5913 Eikangervåg

Lindås Kommune  
Postmottak  
Kvernhusmyrane 20  
5914 Isdalstø

Kløyvheim, 10.04.2015

### **Høyringsfråsegn – Kommunedelplan for skule 2014-2018**

Rådmannen har sendt ut framlegg til ny kommunedelplan for skule gjeldande for 2014-2018. FAU ved Kløyvheim skule vil i den samanheng koma med innspel og kommentarar.

Rådmannen si tilråding inneber ikkje noko endring for Kløyvheim skule på kort sikt. Han ynskjer likevel å etablere eit forprosjekt hausten 2015, der ein vidare skal utgreie 2 alternativ. Begge desse alternativa inneber at skuledrifta på Kløyvheim skule skal avviklast, og elevane skal flyttast til andre skular.

Dei fleste argumenta for og mot skulenedlegging er vel kjende, dei siste 30 åra er over 1000 skular i Noreg lagde ned. Kløyvheim skule har vunne over nedleggingstrugslar fleire gongar, og Lindås kommune kan stolt feira skulen sitt 50-årsjubileum i 2015. Faktisk har det vore fastskule på Kløyvheim i 107 år.

FAU vil behalde Kløyvheim skule, fordi:

- Skulen er godt eigna, har gymsal med scene, kjøkken mm.
- Skulen er godt vedlikehalden, låge vedlikehaldsutgifter kommande år
- Skulen har store og svært attraktive uteområde, også med eigen ballbinge
- Skulen har kapasitet til auka elevtal
- Skulen vert også nytta til mange gode aktiviteter for elevar og andre, t.d. skulekorps, idrett mm

Når rådmannen likevel ynskjer vidare vurderingar av andre løysingar vil FAU komme med følgjande kommentarar.

#### *Alternativ B4 – Eikanger og Kløyvheim til Ostereidet barneskule*

FAU reknar dette som det dårlegaste alternativet av alle. Me ber om at følgjande vert synleggjort i den vidare handsaminga:

- Skuleskyss
  - På Kløyvheim (og Eikanger) er det berre 10% som treng skuleskyss. Dersom ein flyttar elevane til Ostereidet vil 100% av desse trenge skuleskyss. Ostereidet barneskule vil bli ein skule med 300 elevar, der over 250 må skyssast. Ynskjer ein å leggje til rette for ei slik plassering der «alle» må ta buss?

- Alle er samde om at skuleskyss ikkje har noko verdi i seg sjølv. Det bør avgrensast mest mogleg fordi det kan gå utover læringskapasitet, og det stel av eleven si fritid. Det går også utover foreldra si fritid, for dei som nyttar SFO.
- Det er brei semje om at det er svært positivt for dei som kan gå eller sykle til skulen, både i høve fysisk og psykisk helse.
- Skuleskyss kostar kommunen. Samstundes vert langt større kostnader påført fylkeskommunen. 1 mill ekstra pr år for kommunen medfører ofte 2 mill ekstra for fylkeskommunen, ifølje organisasjonen LUFSS. Eller 60 millionar (!) i eit 30-års perspektiv. Er det på denne måten kommunen «sparar»?
- Troms fylke har dei siste 4-5 åra fått 10 mill i ekstra skyssutgifter grunna skulenedlegging. Skal Lindås kommune utnytte at stat og fylke subsidierer skulenedlegging?
- Skuleskyss kostar foreldra. SFO-born skal bringast og hentast, køyring til og frå foreldremøte, konferansetimar osv. I det same 30-årsperspektivet er det tale om rundt 5 mill, berre for Kløvheimforeldra. Er dette ein ekstrakostnad kommunen med godt samvit vil påføre foreldra?
- Skulevegen ned til Ostereidet er på langt nær god, og vil påførast ekstra trafikk. Utbetring av veg er ein naturleg konsekvens, og igjen ei utgift kommunen då velter over på andre.
- Leiknes barneskule vil være nærskule til alle på Kløvheim, og dei fleste på Eikanger. Vil kommunen leggje opp til at 90% av elevane ikkje får gå på nærskulen? Dersom Myking skule består vil denne vere nærskule, og under halvparten i avstand, i forhold til Ostereidet og Leiknes.
- 15km til barneskulen. Kva tenkjer kommunen det vil medføre for å oppretthalde busetnad og oppnå nyetablering på Kløvheim? Kva betyr dei fine orda om å ta heile kommunen i bruk, og leggje til rette for utvikling i heile kommunen?
- Innsparing i fagleg perspektiv
  - Økonomisk innsparing skal skje ved redusert tal på årsverk, dvs fleire elevar pr lærar. Myndigheitene ynskjer større lærartettleik for å auke kvaliteten i skulen. Altså det motsette av det innsparingane fører til. FAU vil i tillegg peike på at det er svært vanskeleg på førehand å rekne ut eventuelle innsparingar, jmf tidlegare erfaringar. Ofte kan elevtalet slå slik ut at ein får fleire klassar enn tenkt, grunna rettar i høve målform, spesialundervisning osv.
  - Slik Ostereidet skulen er plassert, og med naudsynt utbygging, vil elevane frå Kløvheim og Eikanger, men også Ostereidet, få dårlegare utemiljø.
  - Å visa til store fotballbaner, felles med ungdomsskuleelevar, er ikkje å rekna for gode utemiljø.
- Sosial utvikling
  - Ved å samle alle elevane på 1 barneskule taper ein det viktige potensialet for sosial utvikling som miljøskiftet til ungdomsskulen tradisjonelt har. Ein bør ikkje leggje til rette for at elevane går på «same» skulen og klassen dei første 10 åra og mister dette perspektivet.

### *Alternativ B1 – Eikanger og Kløvheim ny skule*

FAU reknar dette som eit langt betre alternativ enn Ostereidet. Grunnane til dette er som naturlege konsekvensar av punkta ovanfor. I korte trekk

- Skyssen vert under det halve for elevane på Kløvheim. Eikanger-elevane slepp skyss.
- Skulen vil framleis vere der dei fleste bur, i motsetnad til Ostereidet-alternativet

- Enklare og rimeligare for foreldra i høve SFO osv.
- Betre vilkår for framleis utvikling av Kløvheim-bygda.
- Fleire barneskular er positivt for overgang til ungdomsskulen

Når det gjeld økonomi for dette alternativet, så finn FAU det underleg at ein legg opp til eit behov på 200 elevar. Dette er nesten 50% over det maksimale totale elevtalet som prognosane for desse to skulane viser. Dermed vert investeringskostnaden altfor høg, og såleis misvisande. Til samanlikning legg ein opp til utviding på Ostereidet (Alt. B4) til 300 elevar. Dette tilsvarar 0% overkapasitet i høve prognosetala, og dermed lågare investeringsbehov. Kva som er grunnen til desse forskjellane i premissene kan ein berre spekulere i. Det vil vere svært beklageleg om slike «tilretteleggingar» medfører feil beslutningsgrunnlag.

#### *Alternativ B3 – Utviding av Kløvheim Skule*

Talmaterialet er feil. Skulen har kapasitet til 70 elevar. Dei fleste elevane på Eikanger vil dessutan sokne til Ostereidet/Leiknes, det er difor heilt urealistisk å leggje opp til 90 nye elevplassar på Kløvheim. Det reelle er vel kanskje utviding opptil 40 elevar. Ingen behov for tilleggsareal, uteareala har god kapasitet til mange fleire elevar. I høve bygningsmasse kan eventuelt paviljong frå Eikanger nyttast. Med andre ord kan Kløvheim skule utvidast til 110 elevar utan at det kostar kommunen store investeringar. Investeringsbehovet for alternativ B3 er etter FAU si meining svært misvisande. Ein ber difor om at dette vert retta opp, då det økonomiske aspektet ved denne løysinga er mykje betre enn det som syner i framlegget frå Rådmannen.

Som kuriositet kan nemnast at det i konsekvensvurderinga for Eikanger er påpeikt at foreldra frå Eikanger vil få tungvint veg til SFO ved nedlegging. Dette er høveleg ikkje nemnt for Kløvheim, som får dobbelt så lang veg i forhold til Eikangerforeldra, ved alt. B4.

#### *Andre alternativ*

FAU vil peike på at dersom ein legg ned ein skule, vilkårleg kva for ein, så vil nærskuleprinsippet spele inn. Det er difor berre alternativ B0 og B1 som kan seiast å vere reelle i høve konsekvensane som er utgreidd, elevtal osv. Dersom Myking og/eller Eikanger blir nedlagt vil elevtalet på Kløvheim truleg bli eit anna. FAU vil minne om at kringsgrensene for Kløvheim utgjør i dag det minste området for alle barneskulane.

Kløvheim, Myking og Eikanger er alle skular som har kapasitet til både dagens og framtidens elevtal. Desse elevane vil ein flytta til skular som ikkje har kapasitet, men må byggast ut og forringe utemiljøa? Eit paradoks, men FAU er bekymra for at håpet om å spara pengar skal føra til dårlegare løysingar.

Dersom kommunen finn rom for å investere i skulebygg bør dette gjerast til felles for Eikanger og Kløvheim, der det er like mange elevar som på Ostereidet. På den måten legg kommunen til rette for vidare utvikling, og gode oppvekst- og læringsvilkår for komande generasjonar.

For Kløvheim FAU



Espen Sætre, leiar